



Aukra kommune

Arkivsak: 2012/22-29
Arkiv: L12
Saksbeh: Svein Rune Notøy
Dato: 07.11.2016

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
40/16	Drift og arealutvalet	16.11.2016
111/16	Kommunestyret	13.12.2016

Reguleringsplan for Horremsleira friluftsområde - Eigengodkjenning

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan for Horremsleira friluftsområde slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegner, sist revidert 08.11.2016.

Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 16.11.2016

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå drift- og arealutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.12.2016

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan for Horremsleira friluftsområde slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegner, sist revidert 08.11.2016.

Vedlegg

- 1 Plankart revidert 08.11.2016
- 2 Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne
- 3 Innkomne merknader etter 3. høyring
- 4 Føresegner revidert 08.11.2016
- 5 Planomtale revidert 08.11.2016

Særutskrift: Etter adresseliste

Bakgrunn:

I samband med ei synfaring i Horremsleira i juni 2010, såg kommunen at det var utført arbeid som kunne vise seg å være søknadspliktige etter plan- og bygningslova. Dette gjaldt mellom anna plastring av elvebredda, og planering av eit område med tanke på oppføring av telt og sandvolleyballbane. Som eit resultat av dette tok kommunen sin sakshandsamar kontakt med tiltakshavar Horrem- og Nyjord grendalag for ei nærmare avklaring.

Den 16.11.2010 mottok kommunen søknad om løyve til etablering av bru over elva, planering av underlag for telt, planering av sandvolleyballbane samt plastring av elvebredd. Kommunen har den 23.12.2010, under delegert sak 222/10 i Drift og arealutvalet, innvilga søknaden med slikt vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslovens (PBL) § 20-2 og 21-4 blir søknad om løyve godkjent på følgjande vilkår:

1) Tiltaket skal utførast i samsvar med bestemmelser gitt i, eller i medhald av, plan- og bygningslova.

2) Teikningar/ foto, beskrivingar, kart mv. som leggst til grunn for løyvet:

- Situasjonsplan datert 19/07-2010

- Fotomontasje av bru datert 19/09-2010

3) Utforming av elvebredd og elvebotn må skje i samarbeid med til dømes Normøre og Romsdal Friluftsråd når tiltak er gjennomført som igjen gjer elva leveleg for fisk.

Den 07.11.2011 mottok kommunen klage frå nabo Lars Brogård på vedtaket i Drift- og arealutvalet (sak 222/10 den 23.12.2010). Klagen gikk på manglande eller feil utfylt nabovarsel, og feil eller manglar ved saksutgreiinga. Klaga var til handsaming i Drift og arealutvalet i møte 13.04.2011, sak 25/11 med følgjande vedtak:

Kommunen tek ikkje klagen til følge, og opprettheld vedtaket i sak 222/10. Grunngeving: det ligg ikkje føre vesentlege nye moment i saka.

Den 04.05.2011 vart klagesaka oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd. Den 16.09.2011 fikk kommunen klagesaka i retur frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med følgjande vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 34 og Fellesrundskriv T-2/09 frå Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet, stadfester fylkesmannen kommunens vedtak i sak 222/10 når det gjeld den omsøkte brua. Fylkesmannen finn å måtte oppheve de øvrige deler av kommunens vedtak i sak 222/10.

Saka blir sendt tilbake til kommunen for ny behandling i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningslova § 28.

Eventuelle krav om sakskostnader må setjast fram innan 3 veker etter at dette brevet vart mottatt. Kravet skal avgjerast av fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 36.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Dei omsøkte tiltaka som vart oppheva (plastring av elvebreidd, planering av underlag for telt og planering av sandvolleyballbane) kunne gjennomførast ved å søke dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Det blei ikkje søkt om dispensasjon, då kommunen i staden valgte å utarbeide ein reguleringsplan for området (reguleringsplan for Horremsleira).

Drift og arealutvalet vedtok oppstart av reguleringsplan for Horremsleira i møte den 02.11.2011, under sak 65/11 og den har seinare vore til tredje gongs offentlege høyring.

Av ulike årsaker har sakshandsaminga av denne reguleringsplanen teke lang tid, men den skal no til eigengodkjenning i Kommunestyret, med håp om endeleg vedtak innan utgangen av 2016.

Utgreiing:

Drift og arealutvalet vedtok oppstart av reguleringsplan for Horremsleira i møte den 02.11.2011, under sak 65/11. Oppstartsmeldinga vart i tråd med § 12-8 i plan og bygningslova sendt til rørte partar, og annonsert i Romsdals Budstikke. Frist for innspel vart sett til 20.12.2011 og det kom inn totalt 6 merknader. Melding om oppstart av reguleringsplanarbeid er seinare delegert til administrasjonen («Delegeringsreglement for Aukra kommune», vedteke i K-sak 106/12 den 18.10.2012). Når det er kommunen sjølv som er tiltakshavar og ansvarleg for å utarbeide eit planforslag, vert det ikkje halde oppstartsmøte, jf. plan- og bygningslova § 12-8.

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 21.03.2012 å leggje forslaget til reguleringsplan med tilhøyrande føresegner ut til 1. offentlege høyring. Reguleringsplanen vart lagt ut til offentleg høyring i perioda 26.03.2012 – 06.05.2012, og det kom inn totalt fire merknader.

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 28.08.2013 å leggje forslaget til reguleringsplan med tilhøyrande føresegner ut til 2. offentlege høyring. Reguleringsplanen vart lagt ut til offentleg høyring i perioda 02.09.2013 – 14.10.2013, og det kom inn totalt åtte merknader.

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 14.09.2016 å leggje forslaget til reguleringsplan med tilhøyrande føresegner ut til 3. offentlege høyring. Reguleringsplanen vart lagt ut til offentleg høyring i perioda 26.09.2016 – 07.11.2016, og det kom inn totalt seks merknader. Nedanfor er disse kort refererte og kommenterte (merknadane i si heilheit ligg som vedlegg til saka):

1) Merknad frå Inge Kvalstad, datert 26.09.2016

Kvalstad vil at område N1 i eksisterande planforslag vert fjerna og erstatta med vegetasjonsskjerm som i tidlegare planforslag. Sitkagrana i dette området vart planta for å gi le for kraftige vindar i området. Han er bekymra for at huset vil få auka slitasje dersom trea vert fjerna.

Kommentar:

Når planforslaget låg ute til fyrste offentlege høyring stilte Statens vegvesen krav om frisikt på 4 x 90 meter i krysset mellom tilkomstvegen (KV1) og fylkesveg 217 (V1), og for å klare å oppfylle dette kravet vert det naudsynt å fjerne nokre av dei eksisterande trea (sitkagran). For å hindre negative konsekvensar for eigedomen til Kvalstad føreslår kommunen å fjerne berre dei trea som krevst for at frisikt vert oppfylt.

Dette kan løysast ved at det vert regulert inn frisiktlinjer på det reviderte plankartet med tilhøyrande tekst i føresegnene § 8.1: «Eksisterande sitkagran som ligg innanfor frisiktlinjene i krysset mellom tilkomstvegen (KV1) og fylkesveg 217 (V1) skal fjernast for å oppretthalde krava til frisikt». Område N1 (naturområde) vert teke ut av planforslaget og erstatta med vegetasjonsskjerm (VS1) som i tidligare planforslag. Merknaden kan med dette sjåast på som innfridd.

2) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 28.10.2016

Det følger av planbestemmelse § 8.1 at «Plankartet viser sone for frisikt. I området mellom frisiktsona og trafikkområda, skal det ikkje plantast eller plasserast noko slik at fri sikt vert hindra (maks høgde 0,5 meter over tilliggande veg). Enkelståande tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå i frisiktsona. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.» Plankartet viser derimot bare frisiktlinjer. For å gi bestemmelsen juridisk virkning må det teiknast inn omsynssoner (skravur) etter tegnereglene.

Planen legger opp til at det skal kunne kjøres på turvegen (TV) frem til parkeringsarealet P2. Vegen bør da reguleres som kombinert formål (SOSI-kode 2900) på denne strekningen.

Kommentar:

Teksten i reguleringsføresegnene § 8.1 vert endra til: «På plankartet er det vist frisiktlinjer. I området mellom frisiktlinjene og trafikkområda, skal det ikkje plantast eller plasserast noko slik at fri sikt vert hindra (maks høgde 0,5 meter over tilliggande veg). Enkelståande tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå innanfor frisiktlinjene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna. Eksisterande sitkagran som ligg innanfor frisiktlinjene i krysset mellom tilkomstvegen (KV1) og fylkesveg 217 (V1) skal fjernast for å oppretthalde krava til frisikt.»

Turvegen blir regulert med det kombinerte føremålet «angitte samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtraseer kombinert med andre gitte hovedformål» (SOSI-kode 2900) på strekninga mellom krysset og fram til parkeringsarealet P2, jf. revidert plankart. Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

3) Merknad frå Karstein Breivik, datert 28.10.2016

Breivik innleiar merknaden sin med å seie litt om det varierte naturmangfaldet som er knytt til planområdet, mellom anna hekking og opphald for ein rekke fugleartar og spesielle plantearter som er registrert. Han kjem vidare inn på det han meiner er uheldige forandringar som har skjedd innanfor området dei siste 5-6 åra med oppføring av partytelt, sankthansbål, større og mindre samankomstar av folk i området, ungdomar som nyttar området til festing, og utstrakt gravearbeid utført i strandsona. Dette meiner han har ført til at fleire av dei hekkande fugleartane og vegetasjonen som tidlegare har vore i området har forsvunne. Han viser til at allemannsretten gjer det klart at det skal visast aktsemd i fuglane si hekketid, og at alvorleg miljøkriminalitet vil bli meldt til politiet. Avslutningsvis meiner han at kommunen som ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen må vise større ansvar knytt til problemstillingane rundt festing, arrangement og tiltak utført i området.

Kommentar:

Kommunen har under utarbeiding av planforslaget med revisjonsdato 08.11.2016 hatt fokus på å sikre berekraftig bruk og vern av stranda og strandsona i Horremsleira friluftsområde slik at dei registrerte naturverdiane innanfor området vert sikra for framtida. Dette har kommunen løyst gjennom bruk av reguleringsføreemåla «H560 (omsynssone for bevaring av naturmiljø) og «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner», og tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene. Dette er eit av dei sterkaste virkemidla kommunen har for å verne naturverdiane innanfor planområdet, og eventuelle tiltak som er i

strid med krava kan bli politianmeldt. Kommunen har ikkje myndet til å hindre at folk brukar området, men dersom festinga er til sjenanse, eller det vert utført hærverk er dette ei sak som politiet må følgje opp.

4) Merknad/motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 01.11.2016

§ 4.1 i føresegnene gjeld naturområde N1-N5, og er forma slik at det vert opna for skjønn. Formuleringa «så langt det let seg gjere» sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad at den naturlege vegetasjonen i området blir ivaretatt. Fylkesmannen rår til at formuleringa «så langt det let seg gjere» blir tatt ut av § 4. Dei rår elles til at formuleringa i § 4.1 «Innanfor område N3, N4 og N5 er det ikkje tillate å oppføre bygg eller andre permanente konstruksjonar» vert fjerna. Årsaka er at ein med dette opnar opp for tolkingar om at ikkje-permanente konstruksjonar er tillate.

§ 8.3 gjeld bevaring av naturmiljø i H560. I andre avsnitt er det opna for å etablere tiltak i omsynssona. Sjølv om det er presisert at tiltaka ikkje skal vere permanente og ikkje skal skade dei registrerte naturverdiane, finn Fylkesmannen at føresegna opnar for skjønn som kan føre til at naturverdiane blir trua. Dei rår til at § 8.3 sikrar bevaring av dei registrerte naturverdiane, men også at området kan nyttast til bading og andre friluftaktivitetar knytt til sjø. Døme på tekst kan vere: «Innanfor H560 må viktig naturtype sand- og grusstrand og karplanter av særleg stor forvaltingsinteresse bevarast. Område kan nyttast til bading og andre fritidsaktiviteter knytt til sjø».

Fylkesmannen har motsegn til planføresegnene §§ 4.1 og 8.3 fram til desse på ein eintydig og konkret måte sikrar verdiane i naturområde N1-N5 og bevarer naturmiljøet H560.

Kommentar:

Formuleringane «så langt det let seg gjere» og «Innanfor område N3, N4 og N5 er det ikkje tillate å oppføre bygg eller andre permanente konstruksjonar» vert tatt ut av § 4.1 i føresegnene som tilrådd i merknaden. Teksten i § 8.3 i føresegnene vert endra til «Innanfor H560 må viktig naturtype sand- og grusstrand, og karplanter av særleg stor forvaltingsinteresse bevarast. Område kan nyttast til bading og andre fritidsaktiviteter knytt til sjø». Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde, og fylkesmannen kan trekke motsegnene knytt til desse områda.

5) Merknad frå Kjartan Busk, datert 06.11.2016

Busk ønsker ikkje at det vert gitt løyve til oppføring av fleire bygg i området, då han meiner dette er med på å ødelegge det naturlege bildet på staden (meir visuell støy). Som grunneigar i området ønsker han at det vert avtalefesta at grunneigarane ikkje har noko ansvar, verken økonomisk eller praktisk, i samband med vedlikehald eller anna knytt til tilkomstvegen ned til stranda.

Kommentar:

Kommunen forutset at vedlikehald av tilkomstvegen (KV1) kjem i stand gjennom ei skriftleg avtale mellom dei rørte grunneigarane og kommunen. Teksten i § 4.1, avsnitt 3, som gjeld løyve til oppføring av mindre bygning innanfor område N2 vert fjerna. Kommunen kan i staden tillate eit tilbygg til eksisterande gapahuk. Dette tilbygget skal kun nyttast til oppbevaring av reiskap nødvendig for skjøtsels- og vedlikehaldstiltak innanfor planområdet, og skal ikkje være større enn 10 m². Tilbygget skal oppførast i same stil som eksisterande gapahuk.

6) Merknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 07.11.2016

Fylkeskommunen saknar konkret omtale av utvida areal for parkering på område P1 som gitt i kommentar til privat merknad frå Asbjørn Windstad i saksframlegget til Drift- og arealutvalet, og meiner denne bør leggest inn i planomtalen. Dei rår vidare til at ein i plankartet legg inn påskrift ved

bestemmelseområdet for kokegroper Id 160301, slik det var gjort ved førre høyring. Samt sikrar at kulturminnet blir eintydig omtalt i plankart, teiknforklaring og føresegnene §8.2.

Kommentar:

Omtale av utvida areal for parkering på område P1, er lagt inn i planomtalen under punkt 4.1 (planlagt arealbruk) som tilrådd i merknaden. I det reviderte plankartet er det lagt inn fylgjande tekst på bestemmelsesområdet (automatisk freda kulturminne) : «Kokegroper – ID 160301». Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

Konklusjon:

Dei innkomne merknadane er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidde i planforslaget, reguleringsplanen vert derfor tilrådd eigengodkjent av kommunestyret.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Planarbeidet inneber nokre økonomiske og administrative konsekvensar:

- Kostnader knytt til sakshandsaming og annonsering
- Tilskott til vedlikehald i planområdet
- Eventuelle leigeavtaler

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Kjell Lode
Plansjef

Rett utskrift 14.12.16

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.